

Avlsmål for farga spælsau. Vedteke på årsmøtet i 2014.

Hovudmål: Ein robust og lønsam spælsau med dei fargane som naturleg høyrer til rasen.

Funksjon:

Ha lette lammingar og livskraftige lam. Vera ei god lammemor. Ha tenelege beitevanar og eit sterkt flokkinstinkt. Ha eit triveleg og vaktsamt lynne.

Produksjon:

To lam av vaksen søye. Ha god mjølkeevne, særleg om våren og utover forsommaren. Ha god kjøtsetnad og moderat feittmengde. Ha slaktemogne lam rett frå utmarksbeite. Ha stor yteevne i høve til morsvekt. Idealvekt for vaksen søye om hausten, ca 70kg.

Eksteriør:

Ha teneleg jurform med høveleg store og velplassera spenar. Ha smekker beinbyggnad og god beinstilling. Ha fint spælpreg med kort og ullfri hale, små øyre og pannedusk. Ha lang og glansfull dekkull og finfibra botnull. Fellen kan ha alle fargekombinasjonar.